



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 25.10.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 19:45

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 17.10.2016.

Asbjørn Larsen, Ap, var ugild i UDU.sak 64/2016. Som vara møtte Berit Ohnstad.

Utvalet hadde pause frå kl 18:35 til 18:40.

Før handsaming av sakene var utvalet på synfaring i samband med UDU.sak 65/2016, 67/2016 og 68/2016.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Baste Tveito	H	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Berit Ohnstad	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Fredrik Seliussen	H
Tormod Skurtveit	AP
Åse Nina Sudmann	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Tore Johan Erstad, juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Marianne Aadland Sandvik og byggjesakskonsulent Merethe Tvedt.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
27.10.2016

Mabel Johansen
Leiar

Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
60/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
61/2016	Godkjenning av møtebok frå møte 05.09.2016.
62/2016	Referatsaker
63/2016	Delegerte saker
64/2016	GBNR 49/11 - Klage på avslag på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr. 49/11 på lo.
65/2016	GBNR 51/60 - Klage på avslag om søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje frå eksisterande steinkai - Landsvik
66/2016	GBNR 10/42 - Holme - Klage på dispensasjon frå plankrav og rammeløyve til riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje
67/2016	GBNR 18/36, Sagstad - Klage på avslag - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad
68/2016	GBNR 25/27 - Fosse- Klage på dispensasjon for deling av gbnr 25/27
69/2016	GBNR 54/13 - Klage på løyve til etablering av tilkomstveg - Skjelanger
70/2016	GBNR 27/44 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø i kommuneplanens arealdel - Søknad om oppføring av tilbygg og påbygg til fritidsbustad - Moldekleiv
71/2016	GBNR 52/32 - Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen som legg til grunn at det ikkje kan byggjast nye naust innanfor område NA_17 i planperioden - Kårbø
72/2016	Søknad om dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona - Tilbygg til fritidsbustad, Refskar, Gbnr 38/34
73/2016	Revidert Handlingsplan trafikksikring 2016
74/2016	Søknad om mindre reguleringsendring og utviding av planområde Mjåtveitmarka
75/2016	Holme forretningsområde - reguleringsendring. 1. gongs handsaming

76/2016 Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2016 -budsjettpost 14700 603 3290

77/2016 Aktuelle saker

60/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 60/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

61/2016: Godkjenning av møtebok frå møte 05.09.2016.

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 61/2016 VEDTAK:

Møtebok frå møte 05.09.2016 vert godkjent.

62/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 62/2016 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

63/2016: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

På spørsmål frå Asbjørn Larsen, AP, orienterte administrasjonen om korleis medlemmane kan lese delegerte vedtak i møteportalen.

UDU - 63/2016 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

64/2016: GBNR 49/11 - Klage på avslag på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr. 49/11 på lo.

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling opphevar vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, med heimel i forvaltningslova § 41, jf. § 6 andre ledd, jf. første ledd.

Vidare gjev utval for drift og utvikling konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr. 49 bnr. 11 på lo i Meland kommune, jf. konsesjonslova §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 1 200 000,-

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Asbjørn Larsen, AP, var ugild ved handsaminga, som vara møtte Berit Ohnstad, AP.

Før handsaming av saka ga utvalsleiar Mabel Johansen ei oppsummering av kva utvalet skal leggje vekt på i saka, - kva som er administrasjonen sine oppgåver og kva utvalet skal ta stilling til. UDU bør ikkje ha som mål å overprøve administrasjonen si sakshandsaming, - dette er viktig for omdømme og tillit.

Utvalsleiar ba utvalet leggje til grunn administrasjonen si utgreiing ved drøfting av habilitet i denne saka.

Skriv frå administrasjonen dagsett 25.10.2016 vedk tilleggsopplysningar til e-post frå Bengt Ingvard Iden dagsett 25.10.2016 vart utdelt i møtet.

Framlegg til vedtak frå AP:

"I saka 16/1421 ang konsesjonssøknad på GBMR 49/11 utsetter UDU behandlingen av saka til neste møte inntil administrasjonen har fremmet et alternativ vedtak i saka."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå AP 2 røyster for, 6 i mot (H, Sp, FrP, MDG, KrF) og fall.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 5 røyster for, 3 i mot (AP, KrF) og er såleis vedteke.

UDU - 64/2016 VEDTAK:

- mot 3 røyster (AP, KrF)

«Utval for drift og utvikling opphevar vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, med heimel i forvaltningslova § 41, jf. § 6 andre ledd, jf. første ledd.

Vidare gjev utval for drift og utvikling konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr. 49 bnr. 11 på lo i Meland kommune, jf. konsesjonslova §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 1 200 000,-

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.»

65/2016: GBNR 51/60 - Klage på avslag om søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje frå eksisterande steinkai - Landsvik

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 12.9.2016 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslag datert 11.8.2016, sak 274/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksugreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

UDU - 65/2016 VEDTAK:

- mot 2 røyster (AP)

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 12.9.2016 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslag datert 11.8.2016, sak 274/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksugreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

66/2016: GBNR 10/42 - Holme - Klage på dispensasjon frå plankrav og rammeløyve til riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 15.9.2016 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 14.9.2016, sak 299/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 66/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 15.9.2016 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 14.9.2016, sak 299/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

67/2016: GBNR 18/36, Sagstad - Klage på avslag - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad

Rådmannen sitt framlegg:

««Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 22.9.2016, DS-313/2016 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følgje. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, FRP

På bakgrunn av opplysningane i klagen og etter synfaring i saka, finn Utval for drift og utvikling (UDU) at det er grunnlag for å ta klagen til følgje.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 19-1, gir UDU dispensasjon fra reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad på gbnr 18/36 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag blir oppheva.

Utval for drift og utvikling finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at gbnr. 18/36 som omsøkt ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på følgjande fordelar ved tiltaket:

- Gang og sykkelvei til skole aktivitetstilbud og nærsenter er alt på plass
- Passer inn i nærmiljøet
- Positiv fortetting av området."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, FrP, 7 røyster for, 1 i mot (SP) og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 1 røyst for, 7 i mot (H, AP, MDG, KRF, FrP) og fall.

UDU - 67/2016 VEDTAK:

- mot 1 røyst:

På bakgrunn av opplysningane i klagen og etter synfaring i saka, finn Utval for drift og utvikling (UDU) at det er grunnlag for å ta klagen til følgje.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 19-1, gir UDU dispensasjon fra reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad på gbnr 18/36 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag blir oppheva.

Utval for drift og utvikling finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at gbnr. 18/36 som omsøkt ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på følgjande fordelar ved tiltaket:

- Gang og sykkelvei til skole aktivitetstilbud og nærsenter er alt på plass
- Passer inn i nærmiljøet
- Positiv fortetting av området."

68/2016: GBNR 25/27 - Fosse- Klage på dispensasjon for deling av gbnr 25/27

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje klagen frå Prosjektstyring Vest AS til følgje. Utval for drift og utvikling avslår, i medhald av pbl § 19-2 andre ledd, søknad om dispensasjon for frådeling av eigedom i LNF-SF område i kommuneplanen sin arealdel. Vilkår for å få dispensasjon etter pbl § 19-2 andre ledd er ikkje oppfylte.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga over.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Skriv frå Prosjektstring Vest AS v/Jakob Aglen, dagsett 19.10.2016, vart delt ut i møtet.

UDU - 68/2016 VEDTAK:

- mot 2 røyster (AP)

«Utval for drift og utvikling tek ikkje klagen frå Prosjektstyring Vest AS til følgje. Utval for drift og utvikling avslår, i medhald av pbl § 19-2 andre ledd, søknad om dispensasjon for frådeling av eigedom i LNF-SF område i kommuneplanen sin arealdel. Vilkår for å få dispensasjon etter pbl § 19-2 andre ledd er ikkje oppfylte.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga over.»

69/2016: GBNR 54/13 - Klage på løyve til etablering av tilkomstveg - Skjelanger

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 28.9.2016 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjon datert 5.9.2016, sak 55/20016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksugreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 69/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 28.9.2016 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjon datert 5.9.2016, sak 55/2016, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksugreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

70/2016: GBNR 27/44 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot sjø i kommuneplanens arealdel - Søknad om oppføring av tilbygg og påbygg til fritidsbustad - Moldekleiv

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå byggjegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av tilbygg i form av terrasse som er delvis overbygd, tilbygg i form av tak over inngangsparti og innbygging av to hjørne, og påbygg i form av heving av tak som omsøkt på gbnr. 27/44 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon journalført motteke 30.9.2016 og søknad om løyve til tiltak journalført 29.9.2016.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 70/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå byggjegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av tilbygg i form av terrasse som er delvis overbygd, tilbygg i form av tak over inngangsparti og innbygging av to hjørne,

og påbygg i form av heving av tak som omsøkt på gbnr. 27/44 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon journalført motteke 30.9.2016 og søknad om løyve til tiltak journalført 29.9.2016.»

71/2016: GBNR 52/32 - Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen som legg til grunn at det ikkje kan byggjast nye naust innanfor område NA_17 i planperioden - Kårbø

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå tab. 6 i føresegn 2.1.5 til arealdelen til kommuneplanen, som legg til grunn at det kan byggjast 0 naust innanfor området i planperioden, for oppføring av naust som omsøkt på gbnr. 52/32 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon journalført motteke 18.8.2016 .

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 71/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå tab. 6 i føresegn 2.1.5 til arealdelen til kommuneplanen, som legg til grunn at det kan byggjast 0 naust innanfor området i planperioden, for oppføring av naust som omsøkt på gbnr. 52/32 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon journalført motteke 18.8.2016 .

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.»

72/2016: Søknad om dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona - Tilbygg til fritidsbustad, Refskar, Gbnr 38/34

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå byggegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf. Pbl. § 1-8 for oppføring av tilbygg på 48,10 m2 BYA til fritidsbustad på gbnr. 38/34 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 29.7.2016.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl. Kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf. Pbl. § 21-9».

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 72/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå byggegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf. Pbl. § 1-8 for oppføring av tilbygg på 48,10 m2 BYA til fritidsbustad på gbnr. 38/34 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 29.7.2016.

For grunningjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl. Kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf. Pbl. § 21-9».

73/2016: Revidert Handlingsplan trafikksikring 2016

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling godkjenner endring av Handlingsplan trafikksikring 2016. Endringa inneber at planlagte veglystiltak på Grønland og i Gripavegen utgår, og at ubrukne midlar blir flytta til 2017. Veglystiltaka blir vurdert på nytt ved revisjon av Trafikksikringsplanen.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 73/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling godkjenner endring av Handlingsplan trafikksikring 2016. Endringa inneber at planlagte veglystiltak på Grønland og i Gripavegen utgår, og at ubrukne midlar blir flytta til 2017. Veglystiltaka blir vurdert på nytt ved revisjon av Trafikksikringsplanen.»

74/2016: Søknad om mindre reguleringsendring og utviding av planområde Mjåtveitmarka

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, mindre endring av reguleringsplan for bustadplan for Mjåtveitmarka (planid 1256-20060002) i

samsvar med plankart datert 13.09.16.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 74/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, mindre endring av reguleringsplan for bustadplan for Mjåtveitmarka (planid 1256-20060002) i samsvar med plankart datert 13.09.16.»

75/2016: Holme forretningsområde - reguleringsendring. 1. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling legg, i medhald av plan- og bygningslova § 12-11, følgjande framlegg til reguleringsendring ut til offentlig ettersyn:

Holme forretningsområde, gnr. 10, bnr. 85 m.fl. Planid 125620110004, vist på plankart sist datert 30.9.2016, med tilhøyrande føresegner datert 30.9.2016.»

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 75/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling legg, i medhald av plan- og bygningslova § 12-11, følgjande framlegg til reguleringsendring ut til offentlig ettersyn:

Holme forretningsområde, gnr. 10, bnr. 85 m.fl. Planid 125620110004, vist på plankart sist datert 30.9.2016, med tilhøyrande føresegner datert 30.9.2016.»

76/2016: Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2016 -budsjettpost 14700 603 3290

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2016. Tilskotet vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt

for 2016 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område».

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 76/2016 VEDTAK:

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2016. Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2016 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område».

77/2016: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

25.10.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 77/2016 VEDTAK:

Følgjande tema vart teke opp:

Karina Garnes Reigstad, MDG:

- Grunneigarkonflikt med etablert tursti på Hjertås, jf allmannsretten og offentleg tilgang.

Administrasjonen - dette var ei sak i UDU for ca 2 år sidan. Det har vore utarbeidd notat og ein har prøvd å gå i dialog for å få til ei ordning. Administrasjonen kjem med tilbakemelding på kva tiltak som er iverksett på neste møte.

- Bruk av gummi i kunstgrasbaner er eit miljøproblem. Har kommunen nokon strategi på dette området?

Administrasjonen - kommunen driftar ikkje kunstgrasbaner. Administrasjonen kan kome tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Henriette Fennelly, FrP, ba utvalet avgjere om møte i UDU vert sett før eller etter utvalet har vore på

synfaring.

Administrasjonen - det er utvalsleiar som avgjer i kva saker det skal vere synfaring og det er utvalsleiar som styrer synfaringa. Administrasjonen legg til rette for ei drøftingssak i neste møte.

Asbjørn Larsen, AP: Når ein politikar er inhabil i ei sak, korleis vert rettstryggleiken hans ivareteken?

Utvalet ønskjer ein gjennomgang av forvaltningslova med ekstern førelesar. Administrasjonen tek saka opp med ordførar, som er ansvarleg for folkevalgteopplæringa.

Asbjørn Larsen, AP - ba utvalet gjere vedtak der utvalet pålegg administrasjonen å utarbeide alternative framlegg til vedtak i alle politiske saker.

Administrasjonen viste til tidlegare diskusjonar om tema både i UDU og Formannskapet, og til utarbeidd mal for alternative framlegg til vedtak som er sendt alle UDU-medlemmane. Rutinane vert ikkje endra, men administrasjonen vil sende ut mal for alternative framlegg til vedtak til medlemmane på nytt.

Asbjørn Larsen trekte då vedtaksframlegget.

Då utvalet fortsette diskusjonen om habilitet og sakshandsamarane/administrasjonen sin kompetanse, gjekk administrasjonen frå møtet.
